

## **Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 26. mai 2015. (2)**

Tilstades: Regionordførar Jon Svartdal, Erik Skjervagen, Torstein Tveito, Hilde Alice Vågslid, Arne Vinje, Halvor Homme, Kari-Gro Espeland, Ketil Kiland, Øystein Tveit, Brit Houge, Jan Myrekrok, Sverre Sæter, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggnes.

I tillegg møtte: Andreas Kjær, Børge Skårdal og Eilev Erikstein.

Harald Omnes var tilstades under sak 23/2014 i samband med orientering omkring den nye postloven.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

### **Sak 20/2015 Referat frå ekstra rådsmøte 24. april 2015.**

Referat frå ekstra rådsmøte 24. april 2015 vart samrøystes godkjent.

### **Sak 21/2015 Vidareføring av VandreTelemark som friluftsråd.**

Prosjektleiar Lill Susan Rognli Vale var tilstades og orienterte nærare om saken.

Samarbeidsprosjektet VandreTelemark, som no er inne i det 3. og siste prosjektåret, må seiast å vera svært vellukka. Det står imidlertid att eit systematisk informasjonsarbeid for å løyse ut det næringspotensialet som ligg i auka besøkstal gjennom vandring.

Tilbakemeldinga frå kommunane, reiselivsverksemdene og marknadsapparatet er at ein bør halde fram samarbeidet og satsinga i VandreTelemark.

Ved å gå inn med kr. 45 000,- årleg frå kvar av dei 8 kommunane, slik det er gjort i det 3-årige prosjektet, vil ein kunne løyse ut ytterlegare kr. 140 000,- frå statleg/fylkeskommunalt hald.

I saksframlegget låg det føre forslag om å opprette ein driftsorganisasjon lagt inn under friluftsråd-paraplyen med fylgjande ordlyd:

"Vest-Telemarkrådet tar rapporten til vitande, og sender forslag til driftsmodell for Vandre Telemark med invitasjon til mogleg oppretting av friluftsråd til kommunane."

Etter ordskifte vart det fremja 2 alternative forslag til vedtak:

#### Alt 1:

*" Vest-Telemarkrådet tek rapporten til vitande, og sender forslag til driftsmodell for VandreTelemark til kommunane saman med oppmoding om å vurdere oppretting av/deltaking i friluftsråd.*

#### Alt 2.

*"Vest-Telemarkrådet tek rapporten til vitande, og ber adm utarbeide forslag til vidare driftsmodell for VandreTelemark."*

I avrøystinga fekk alternativ 2. fire røyster, medan alternativ 1 fekk ei røyst.

(Arne Vinje hadde permisjon under handsaminga av denne saken grunna eit avtala møte på Stortinget.)

*Vedtak:*

*Vest-Telemarkrådet tek rapporten til vitande, og ber adm utarbeide forslag til vidare driftsmodell for VandreTelemark.*

## **Sak 22/2015 Viktige vegprosjekt for vår region, oppfølging i høve til besluttsande organ.**

Andreas Kjær og Børge Skårdal var tilstades i denne saken.

Til grunn for saken låg det føre 3 notat utarbeidd av Andreas Kjær i høve til gjennomgang av vegprosjekt, oppfølging av viktige beslutningspunkt og påverknad i høve til politiske beslutningar. Andreas Kjær orienterte kort om den historiske bakgrunnen for arbeidet med veg og gjekk gjennom ein oversikt over viktige vegprosjekt for Vest-Telemarkregionen. Tilsvarande låg det også føre oversikt over store riksvegprosjekt utarbeidd av Kjell Solheim i Statens vegvesen.

Halvor Homme foreslo eit par endringar i ordlyden, mellom anna at Rv 41 må inngå som eit prosjekt i NTP, og ikkje berre inngå under dei såkalla programområda i handlingsprogrammet. Vidare at både Rv 41 og Rv 9 må nemnast som viktige sidegreiner til E134, og at ein korrigerer notat nr 3 slik at Rv 41 ikkje berre framstår, men faktisk er ei viktig kommunikasjonsåre.

Børge Skårdal orienterte nærare om eit initiativ med tanke på forskottering av planleggingsmidlar for strekningen Saggrenda - Gvammen. Forskottinga vil kunne framskande utarbeiding av aktuell kommunedelplan på strekningen.

Vegvesenet har ikkje budsjett for dette i 2016, og ein undersøker no om fylkeskommunen eller ein eller fleire kommunar kan stå som långjevar mot dekking av lånerentene. Vest-Telemarkrådet er aktuell som ein av fleire bidragsytarar i høve til å dekke inn kostnadene ved dette.

*Vedtak:*

*Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande, og vil spesielt fylgje opp saken omkring aust-vestutgreiinga fram til endeleg handsaming i Stortinget.*

*Når det gjeld dekking av rentekostnader i samband med mogleg forskottering av planleggingsmidlar for strekningen Saggrenda - Gvammen, dekker Vest- Telemarkrådet ein delsum på inntil 200 000,- Midlane vert å disponere frå dei frie midlane. Samrøystes vedtak.*

## **Sak 23/2015 Orienteringssaker.**

### Kort frå høyringa om postloven.

Kjell Gunnar Heggenes orienterte frå den opne høyringa i transport- og kommunikasjonskomitéen 19. mai, der også Vest-Telemark Blad var representert.

Harald Omnes orienterte kort om endringane som har kome inn i lovforslaget etter 2 omgangar i rettsapparatet. Det er viktig å fylgje med vidare i samband med utarbeiding av dei nye forskriftene.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.*

### Utkast brev til styret i TUF.

Det lag føre eit fyrste utkast til brev til styret i TUF frå Vest-Telemarkkommunane, Tinn og Hjartdal gjeldande forståinga av avtala om fylkeskommunens delfinansiering av det regionale samarbeidet desse 8 kommunane deltek i.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner innhaldet i det framlagte forslaget til brev.*

*Endeleg versjon med nynorsk tekst vert sendt ordførarane før oversending til styret i TUF.*

## **Sak 24/2015 Gjennomgang av sakene til møtet med Telemarksbenken.**

### Forslag frå justiskomiteén om å legge ned skogsleiren i Fyresdal.

I denne saken drøfta Rådet den overraskande nyheiten om nedlegging av skogsleiren i Fyresdal. Erik Skjervagen gjorde nærare greie for saken og gjekk gjennom argumenta for å vidareføre drifta ved leiren. Eilev Erikstein orienterte nærare frå prostidiakonats verksemd i leiren. Han gjorde greie for korleis dette er lagt opp og streka under betydningen av å behalde dette gode soningstilbodet. I tillegg til å vera eit viktig rehabiliteringstilbod, er også leiren ein stor og betydeleg arbeidsplass for Fyresdal med sysselsetting av 19 personar.

Vidare gjekk Rådet gjennom dei innmelde sakene, bortsett frå saken omkring mottaksapparatet innafor barnevernet. Denne vart lagt til sides av omsyn til tida.

Saker til møtet med Telemarksbenken vart dermed:

- mogleg nedlegging av skogsleiren i Fyresdal
- viktige vegprosjekt i vår region, oppfylgjing i høve tilbesluttande organ,
- Forslag til ny postlov
- 110-sentralreform som del av politireform.

I det avtalte møtet med stortingsrepresentantane, møtte fylgjande representantar:

Lene Vågslid (AP), Solveig Sundbø Abrahamsen (H), Kristian Tynning Bjørnø (AP) og Geir Jørgen Bekkevoll (KrF).

#### Viktige vegprosjekt i vår region, oppfylgjing i høve tilbesluttande organ.

Andreas Kjær orienterte innleiingsvis om aust-vest utgreiinga og viktigheten av at tilrådinga frå vegvesenet blir vedteke i Stortinget.

Det er gode signal på at E134 blir valt som den eine av to korridorar, medan det er meir usikkert i høve til den nordlege korridoren. Det er førebels ikkje klårt når saken skal opp til endeleg handsaming, og det er derfor viktig å "halde oppe trykket" i saken.

#### Forslag til ny postlov

Harald Omnes orienterte kort om postsaken. 2 sentrale element er :

- å få posten levert nær bustad
- omdeling av post (aviser) laurdag

Omdelinga vert no teke ut av lovteksten og skal inn i forskrifts form, og det blir viktig å fylgje med i dette arbeidet.

#### Mogleg nedlegging av skogsleiren i Fyresdal

Erik Skjervagen orienterte nærare om saken og viste til at nedleggingsforslaget bygger på feil informasjon. Det er såleis ikkje problem i Fyresdal å rekruttere folk med god kompetanse.

I tillegg er det også driftskostnadene svært gunstige og det fengselsfaglege innhaldet er fullt på høgde med andre avdelingar. Avdelingen fungerer svært bra i lokalsamfunnet og er ein ressurs for Fyresdal.

Saken har kome brått på og ligg noko "gøynd" i sakspapira. Dette viser at det er viktig å fylgje nøye med og ha god kommunikasjon med dei ulike komitéane.

Med utgangspunkt i opplysningane som har kome frå lokalt hald, skal justiskomiteén ha eitt møte til i saken, og det skal gjevast innstilling innan 2. juni.

#### 110-sentralreform som del av politireform.

Det vart kort vist til felles brev frå alle kommunane i Telemark, der ein ber justisministeren vurdere ei rekkje forhold før mogleg omlegging av 110-sentralen.

Avslutningsvis konkluderte møtet med at det er viktig at det er god kontakt mellom stortingsbenken og regionråda, og ein tek sikte på å halde 2 faste møte pr. år.

Neste møte vil finne stad etter valet til hausten.